# Miljøstatus Austrepollelva

Sist oppdatert juli 2005





*Austrepollelva*

Midlare vassføring: 0,83 m³/s
Magasin: Mysevatn
Kraftverk: Mauranger
Regulering starta: 1974
Lakseførande strekning: 2 km
Produksjon: 240 GWh, tilsvarer straumforbruket til ca 12000 husstandar
Plass i vassdirektivet : ikkje bestemt

## Tettleik av ungfisk eldre enn årsungar




## Tettleik av ungfisk eldre enn årsungar




## Fangst av laks og sjøaure Austrepollelva




## Lengdefordeling av all aure fanga i 2003




## Austrepollelva middelvassføring 1919-39




Det er ikkje registrert vassføringsdata etter reguleringa



*Trappetersklar*

Data er samla inn frå NVE, Statistisk sentralbyrå, Fylkesmannen og Statkraft. Vurderingane vist som "trafikkljos" er utført av Statkraft Energi AS. Tydinga av dei ulike trafikklys er som følgjer:

God og stabil status

Middels god og/eller variabel status

Dårlig og ustabil status

# Miljøstatus Austrepollelva

Sist oppdatert juli 2005






*Bygging av tersklar*

**Restaureringsarbeid gjennomført i 2002**
På dei nedste 800 m av elva er det gjort eit restaureringsarbeid. Denne delen av elva er kanalisert og enkelte av tersklane var så høge at det var vanskeleg for fisk å kome opp ved lav vasstand. Den nedste terskelen hadde ein fallhøgd på ca 2 m. No er denne og dei andre tersklane erstatte med trappetersklar, syvdetersklar og celletersklar. Det er grove ut kulpar og kvilestadar og det er lagt ut skjul til fisken. På denne måten har regulanten prøvd å leggje forholda til rette for naturlig rekruttering gjennom å etablere opphald og oppvekstplassar for ungfisk og gyteplassar for voksen fisk.

**Viktige forhold i vassdraget:**
Utbygginga gjennomført i perioden 1969-1974
Vassføring er kraftig redusert etter regulering
Gjennomført fiskeutsettingar 1974-2002
Stort restaureringsarbeid i elva 2002
Mellombels stans i utsettingspålegg 2003
Omfattande fiskeoppdrett og problem med røming og lakselus i Hardangerfjorden (1990-2005)



*Trappetersklar, syvdetersklar og celletersklar.*

Statkraft si vurdering:
I Direktoratet for naturforvaltning si vurdering set ein Austrepollelva i kategori 4a for sjøaure og kategori 1 for laks. Det vil seia at sjøauren har ein redusert ungfiskproduksjon, mens bestanden for laks er tapt. Vassdraget har ein kraftig redusert vassføring etter reguleringa, og fisk har hatt vanskar med å koma opp i vassdraget ved låg vassføring. Tiltaka som er gjort i vassdraget har letta oppgangen for fisk og det er lagt til rette for naturlig rekruttering av fisk. Ein reknar med at ungfiskproduksjonen vil auke. Det føregår svært lite fiske i elva. Dette har nok samanheng med låge sommarvassføringar og lite fisk på elva.

**Relevant litteratur:**
Elfiskedata frå Austrepollelva 2001-2003 – Halvard Kaasa

"Miljøstatus for regulerte vassdrag" utarbeidast for å gi forvaltninga, kommunane, grunneigar og publikum ei oppdatert status for miljøforhold I vassdraga, med spesiell vekt på fisk.

Utforming av arket "Miljøstatus" er utvikla i samarbeid med: SINTEF

For meir informasjon, sjå www.statkraft.no